

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bjerkheim

Emne: Lauving

Bygdelag: Nedre bygda

Oppskr. av: Jørgen Skjæveland

Gard:

(adresse): Vikeså

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Husmor Anna Skjæveland, Bjerkheim, 77 år gammel

SVAR

1. Lauving har ikkje vore mannjamt. For 30-50 år sidan var det sume som lauva, på andre gardar har dei ikkje lauva som folk veit om. Difor er det ikkje så mykje me veit om lauving. No er det sjeldan at nokon lauvast, det kan vere i fjellgardane der dei har geiter. Me kjenner ikkje til at nokon lauva under siste verdenskrigen.

2. Det var alltid bjørk dei lauva.


3. Dei nytta lausigd.

4. Dei hogg greiner av friske rotfaste tre.

Dette kalte dei i kjydda

5. Dei rispa aldri av lauuet, men hogg greiner og batt i hop til kjerwar. Desse likna eit kornband, samanbundne med ei smal kløyvd kløyvd grein

6-7. Desse kjerwane vart ikkje sette opp i hesjer eller stak-



kar, men dei bar dei heim og reiste dei opp langs veggene inni låa. Det var vel serleg bjørker kring innumarka dei lauva av. På jamnan var både karar og kvinner med på dette, karane hogg ned greinene

og kvinnene balt til kjerwane.

8. Når kjerwane vart tørre, vart dei kasta oppå eit loft, eit trev (= halvt loft) ein uthusmur eller på høysvolet. Det var saūene og geitene som fekk dette om vinteren.

9-10. Björkelauw er best, og berre dette vart brüka.

11. Telles lauring kjenner me ikkje til.

B. Du brükte ikkje å ta lauret av greinene og turka ^{det} på bakken.

1914